

Helsefellesskap
Møre og Romsdal

Årsmelding 2025

Eitt lag – felles ansvar



Formålet med samarbeidet er at partnarane saman skal utvikle heilskaplege og likeverdige helse- og omsorgstenester til pasientane. Tenestene skal ha gode overgangar og samarbeidet skal sikre tydeleg ansvarsdeling og god utnytting av ressursane.
(utdrag frå samarbeidsavtalen)

[Nasjonal helse og samhandlingsplan 2024 – 2027](#)

Leiar

Nye leiarar i Helsefellesskap M&R frå 2025

Partnarskapsmøte (PM)

Leiar :
Håkon Lykkebø Strand
Ordførar Ålesund kommune

Nestleiar :
Gerd Marit Langøy
Nestleiar styret Helse Møre og Romsdal

Strategisk samarbeidsutval (SSU)

Leiar:
Jørn-Åge Longva – HMR

Nestleiar:
Lene Bjørlo Overå - Giske kommune

Helsefellesskapet er vår felles arena for tettare samhandling mellom kommunane og sjukehusa i Møre og Romsdal. Begge helsenivåa opplever økonomiske og organisatoriske utfordringar, store forventningar til tenesteleveransar samstundes som dei demografiske endringane gjer omstilling nødvendig.

Med aukande kompetanse og medisinske og tekniske nyvinningar, ser ein mogleheit for betre behandling, men også oppgåveforskyving nærare der pasienten bur, i kommunen. Ansvar for enkelte helsetenester overlapper stadig oftare. Det vert difor sentralt å sikre både god samhandling og tydeleg oppgåvefordeling.

Sjølv om begge helsenivåa har sjølvstendige ansvar for å levere gode helsetenester, erkjenner ein at det er for pasienten ein er til. Med eit fylke med mange fjordar og øyar, er det eit mål å sikre likeverdige helsetenester, uavhengig av kvar ein bur.

Med regjeringa si satsing på utvikling av nye samarbeidsmodellar, sikring av gode rutinar og pasientforløp, har helsefellesskapet starta på fleire prosjekt som kan styrke pasienttilbodet og bygge opp under visjonen "eit lag – felles ansvar".

Gjennom helsefellesskapet sitt arbeid med felles mål og strategiar kan vi bygge føreseielege og gode helsetenester for alle i Møre og Romsdal.

Vi vil rette ein stor takk til alle som engasjerer seg i Helsefellesskapet – enten det er som engasjerte medlemmar i dei ulike samarbeidsorgana, i dei felles prosjekta våre eller i vårt dyktige sekretariat. De gjer ein forskjell og fellesskapet står sterkare takka vere dykk!

Helsing Håkon Lykkebø Strand og Gerd Marit Langøy

Ny samarbeids-avtale

- Hovudavtalen
- 6 delavtalar
- Faglege samarbeidsutval (FSU) i ny struktur

Partane har hatt kliniske utval som del av samarbeidsstrukturen tilbake til 2015.

I ny avtale er det semje om å ha desse 6 faglege samarbeidsutvala:

- Barn og unge
- Psykisk helse og rus
- Konisk multisjuka og skrøpelege eldre
- Svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg
- Behandlarsamarbeid og samarbeidsordning for spesialisthelsetenesta og fastlegane
- Akuttmedisinsk kjede- og helseberedskap



Hausten 2024 godkjende styret for Helse Møre og Romsdal og kommunestyra i kommunane i Møre og Romsdal, den nye samarbeidsavtalen med verknad frå 01.01.2025.


Samarbeidsavtalen er i hovudtrekk ei vidareføring av førre avtale, men partane kom ikkje til semje om endringar i Delavtale 1 som gjeld inn- og utskriving frå sjukehus og betaling for utskrivingsklare pasientar. Partane valde å vidareføre tidlegare avtale utan endringar, sjølv om ein ikkje er samde om forståinga av alt innhald i denne delavtalen.

Ei av dei store endringane i ny avtale er reduksjon i tal faglege samarbeidsutval, frå 12 til 6 utval. Føresetnaden er likevel at det faglege innhaldet frå utvala som vert trekt ut, skal vere del av oppdraget til utvala som vert vidareført.

I ny samarbeidsstruktur er dei lokale samarbeidsutvala (LSU) flytta frå nivå 3 til nivå 2 saman med strategisk samarbeidsutval (SSU). LSU Kristiansund og LSU Molde er no slegne saman til eitt felles utval, "LSU SNR"

Struktur

Samarbeidsavtalen regulerer representasjonen til dei ulike utvala. I tillegg til partsrepresentantar frå Helse Møre og Romsdal og kommunane, er det utpeika brukarrepresentantar og fastlegerepresentantar i alle faste utval.



I tillegg til dei faste representantane har Pasient- og brukarombudet, Statsforvaltaren og Helse MidtNorge HF, møte og talerett i Partnerskapsmøte (PM) og i Strategisk samarbeidsutval (SSU).

Dette bidreg og til at desse får høve til å følgje opp og vareta sine oppdrag med med å fremje dialog og samhandling mellom dei som deltek i helsefellesskapet

Felles samarbeidssekretariat førebur saker til PM og SSU i samarbeid desse utvala sin leiar og nestleiar. Partane finansierer kvar for seg sin bruk av ressursar i helsefellesskapet.

Felles samarbeidssekretariat er samansett av tilsette frå begge helsenivåa og møtes på teams annankvar veke. Frå Helse Møre og Romsdal deltek Eli Otterlei (samhandlingssjef) og Karethe K Aam (rådgjevar). Frå kommunesida sit representantar utpeika frå dei interpolitiske råda i fylket. Bodil Våge (Nordre Sunnmøre), Tone Kvammen (Nordmøre IPR) og Oddvar Marøy (Søre Sunnmøre). Romsdal IPR har ikkje hatt med ressurs i 2025.

Partnerskapsmøte 2025

Partnerskapsmøtet vart arrangert i Molde 7. mai.

Oppunder 60 påmelde deltakarar inkl. foredragshaldarar.

PM behandla mellom anna desse sakene.

- Årsmelding 2024 med presentasjon av Felleshandlingsplan og Rapport samhandlingsavvik .
- Godkjenning av ordning for rekrutterings- og samhandlingstilskot. Fordeling av ca. kr 8 mill. årleg.
- Perspektiv på utfordringsbilde på begge helsenivåa.
- Samhandlingsprosjektet DMS Kristiansund
- "Forventningsgapet" v/Mari Trommald, avd.dir. i KS
- Transformasjon innan helse v/Søren Barlebo Rasmussen, forskar Danmark.
- Dialog rundt borda etter innspel om helsefellesskap frå avdelingsdirektør Sverre Harbo, Helsedirektoratet.

Samhandlingskonferansen 2025

Samhandlingskonferansen vart halde i bystyre-salen i Ålesund 7.november.



God deltaking med over 100 deltakarar samla seg om to hovudtema: **Helse- og omsorgsberedskap og Radikal transformasjon.**

Brukarperspektivet vart presentert av "demensfluenser" Marianne Mørck Danielsen, gjennomgang av ulike fasar i eit demensforlaup.

Helse og omsorgsberedskapsutfordringane vart delt av Arthur Gjengstø, spesialrådgjevar i Hdir, kommuneoverlege Olav Mestad og beredskapssjef i HMR Hans Olav Ose.

På konferansen fekk forskargruppa som har sett på den lokale handteringa av koronapandemien lagt fram sin rapport.

På teams presenterte statssekretær Ellen Rønning-Arnesen helsereformutvalet sitt perspektiv på behov for radikal transformasjon i helse- og omsorgstenestene.

Strategisk samarbeidsutval 2025

SSU har i 2025 hatt 6 møter og valgt å ha alle møter som fysiske møter.

Med ny samansetting av medlemmer i ny avtaleperiode, har utvalet prioritert å sikre direkte og gode dialoger rundt sentrale saker som SSU har ansvar for.

Medlemmer i SSU i 2025 har vært:

- Jørn-Åge Longva – HMR – leder
- Åse Hagen Morsund - HMR
- Siv Jensen – HMR
- Tor Nygaard – HMR
- Lene Bjørlo Overå - Giske – nestleder
- Geir Nilsen – Aure
- Margrete G Berle – Rauma
- Jørn V Moldskred – Sande
- Paula Næss Skaar – brukerrepresentant
- Helge Hansen – brukerrepresentant
- Stian Endresen – samhandlingsoverlege

I tillegg har representant fra HMN RHF, statsforvalteren og Pasient og brukarombudet møtet og talerett.

Strategisk samarbeidsutval er på mange måter helsefellesskapets sitt utøvende organ og har, selv om helsefellesskapet er bygd på avgjørelser gjennom konsensus, fått delegert myndighet til å gjøre vedtak som gjelder for alle i helsefellesskapet.

I 2025 har arbeidet hatt disse store sakene i fokus:

- Felles handlingsplan – prioritering og spissing av både mål og tiltak
- Planlegging og tilrettelegging av saker og tema til partnerskapsmøte og samhandlingskonferansen.
- Forvaltning av Rekrutterings- og samhandlingstilskot
- Oppfølging av prosjekt som er tildelt tilskotsmidler
- Sette ned flere ad-hoc-utvalg for arbeid med prioriterte satsingar, m.a.
 - Vurderingsnemnd for tildeling av rekruttering og samhandlingstilskot
 - Mål og strategi i helsefellesskapet
 - Retningslinjer for kvalitetsråd og forbedringsarbeid i LSU'ane
 - Arbeid med optimal bruk av meldesystem for samhandlingsavvik
 - Fremtidssikring av yngreomsorgen

Lokale samarbeidsutval 2025

LSU SNR (Sjukehuset Nordmøre og Romsdal)

Smøla, Sunndal, Surnadal, Tingvoll, Kristiansund, Aure, Averøy, Gjemnes, Hustadvika, Aukra, Molde Vestnes og Rauma kommunar
Klinikk SNR og tversgåande klinikkar

LSU Ålesund

Sula, Ålesund, Giske, Haram, Sykkylven, Stranda og Fjord kommunar
Klinikk Ålesund og tversgåande klinikkar

LSU Volda

Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Ørsta og Volda kommunar
Klinikk Volda og tversgåande klinikkar

Dei tre LSU'ane har hatt faste møter 2-3 gonger i halvåret.

LSU SNR er slått saman av dei tildelgare LSU'ane Molde og Kristiansund.

LSU SNR hadde eit utfordrande og spennande år framføre seg med førebuing og innflytting i nytt sjukehus på Hjelset. Transportutfordringar og spenning rundt kommunikasjonsløyser og nye driftsmodellar skulle testast. I tillegg har LSU SNR sett på fleire overordna faglege og organisatoriske tema, m.a «Yngreomsorgen», felles bruk av CFS, sikkerhetspsykiatrien, systematisk forbedringsarbeid og utarbeiding av felles handlingsplan.

LSU Ålesund

Utvalet har arbeidd mykje med oppfølging av saker frå SSU, m.a ordning for rekruttering og samhandlingstilskot, samhandlingsavvik og kvalitetsarbeid. Utvalet har nytta gruppearbeid som metode og sikra god involvering i høyringsprosessar. I møta har ein og arbeidd med utfordringane med USKP, Lokale utviklingsprosjekt i sjukehus og kommunar og kome med tydelege innspel til ny felles handlingsplan som framleis framstår for vag og uavklara.

LSU Volda

Gjennomgang av saker til/frå SSU har vore fast i møta, anten til oppfølging eller for innspel. LSU- Volda har hatt fokus på situasjon rundt utskrivingsklare pasientar, forståing av statistikk og gjennomført eigne møtepunkt for drøfting av melde samhandlingsavvik og moglege forbedringspunkt. Utvalet har sikra deltaking i ulike prosjekt, PSHT, DHO og barn og unges helsetneste. Gjensidig direkte informasjon og dialog har og fokus i møta.

Aktivitet i faglege samarbeidsutval i 2025



FAGLEGE SAMARBEIDSUTVAL :

Psykisk helse og rus

Vurderer mogleg etablering av FACT-team i Romsdalsregionen og ser på utfordringane med samhandling rundt pasientar med demens.

Akuttmedisinsk kjede og helseberedskap

Etablering av nytt FSU og prioritering av tiltak til felles handlingsplan.

Kronisk multisjuka og skrøpelege eldre

Har arbeidd med tre prioriterte tiltak: Førehandssamtaler og palliativ plan, heilskaplege pasientforløp gjennom styrka samhandling på tvers av tenestenivå og satsing på velferdsteknologi og digitale løysingar.

Svangerskap-, fødsels- og barselomsorg

Arrangert felles fagdag på nye SNR med god deltaking. Sikrar kompetansebygging og drøfting av felles utfordringar. Tema på fagdagen var knytt til oppfølging av felles handlingsplan. Starta revisjon av handlingsplan med satsingsområde og mål.

Behandlarfagrådet

Kontinuerleg arbeid med å tilpasse praksis i pasientbehandling og effektiv samhandling mellom sjukehus og fastlegar. Sentralt er fordeling av faglege og praktiske oppgåver i tider med stadig endring i rammevilkår, ny kunnskap og nye behandlingstilbod.

Barn og unge

Nokre av fokusområda i 2025 har vore retta mot å auke innsikt og kunnskap om koordinator-rolla, implementering av dialogbasert inntak og tilsvarande modell for avslutning av saker. Utvalet ynskjer også å vareta fleire fagområder, m.a å løfte somatikken tydelegare fram.




FELLES HANDLINGSPLAN 2025 - 2026

Planlagt men
ikkje starta opp

Påbegynt
lgangsett

Gjennomført og/
eller avslutta




Samhandling om felles tenesteutvikling, ansvars- og oppgåvefordeling og fagleg samarbeid.

Til høgre er vist eksempel på nokre av tiltaka som FSU har utarbeidd til handlingsplanen, og fargekoding for oppfølging av tiltaka.

Prosjekt	Mål	Tiltak	Ansvar/utfører	2025	2026
Samhandlings-optimalisering HP (har fått RS tilskot)	Betre bruk av Helseplattformen som samhandlingsarena		FSU for digitale helsete nester og e-helse		
Førehandssamtalar og palliativ plan	Heilskaplege pasientforløp med tidleg identifisering, planlagt palliasjon og brukarmedverknad.	Vidareføring og forankring i alle kommunar og helseføretak:	FSU for kronisk multistjuke og skrøpelege eldre		
Betre samhandling krevjande brukarane i psykisk helse og/eller rus	Fremme samhandling rundt dei mest krevjande enkeltbrukarane i psykisk helse og/eller rus	•Følgje opp pågåande forprosjekt i Romsdal knytt til mogeleg oppretting av FACT-team •Jobbe for berekraftige løysingar som kan breiddas ut til fleire kommunar	FSU for psykisk helse og rus		
Betre oppgåvefordeling	Jobbe for at faglege og praktiske oppgåver i helsevesenet i Møre og Romsdal gjerast på rett tid av rett person på rett sted.	Prioriterte områder i 2025-26: •Fokus på 'Kloke val' – samarbeid mellom sjukehus og primærhelsetenesta.	FSU for behandlar-samarbeid og samarbeids-ordning		
Samarbeid om beredskapsplanar	Det er samarbeid mellom helseføretak og kommunar for å sikre robuste beredskapsplanar i heile krisespekteret fred-krise-	Helseberedskapsplanar er oppdaterte og oppfattast som dekkande for eiga verksemd si evne til å handtere kriser og krig.	FSU for akuttmedisinsk kjede og helseberedskap		
Dialogbasert inntak	Tilsette frå både BUP og kommunen møtest for å drøfte tilvisingar, der ein ikkje er sikre på kven som skal følgje opp barnet eller ungdommen.		FSU barn og unge		

Status på ulike samhandlingsprosjekt



Fleire større samhandlingsprosjekt er under arbeid og størst fokus vert retta mot prosjekta som har fått tilskot gjennom ordninga "rekrutering og samhandlingstilskot". Deltaking frå tilsette i både kommune og sjukehus er gjennomgripande i desse prosjekta med mål om varige endringar med betre, tryggare og meir effektive tenestetilbod til pasientane.

EIT KART OVER TENESTENE FOR BARN OG UNGE

Barn og unges helseteneste

Satsinga barn og unges helseteneste består av sju samhandlingsforløp for dei vanlegaste psykiske plagene hos barn og unge. Forløpa fungerer som eit kart over tenestene og skal gi brukarar og fagpersonar betre oversikt over ansvarsområde og roller.

Nytt forløp:

- Ungdom med rusvansker

PSHT (Pasientsentrerte helseteam)

Dette er egentleg 4 ulike prosjekt der særleg bykommunane har vore samarbeidspartar med sjukehusa på leit etter gode trygge overgangar for skrøpelege eldre. Tett og nært samarbeid mellom helsenivåa er avgjerande for å gi pasientane oppleving av eit ynskt brukartilbod.

Digital heimeoppfølging

Både i prosjektet på Søre Sunnmøre som har fokusert på hjelpemiddel og nær kontakt med heimebuande pasientar og i prosjektet i Romsdal som har fokusert på bruk av kamera i samband med såroppfølging, forsøker ein å gjere nytte av digitale og tekniske nyvinningar som betrer effektiviteten og gir pasientar ei fagleg god oppfølging og ein trygg heimesituasjon.

Barn og unges helseteneste

Prosjektet arbeider med å utvide dei 8 pasientforløpa med eit nytt område som ikkje er omfatta av tidlegare satsing: Ungdom med rusvanskar

SAMOPP Samhandlingsoptimalisering i bruk av Helseplattformen.

Innføring av HP har hatt stort fokus i både kommune og helseføretak. Sjølv om mange feil er retta opplevast brukargrensesnittet framleis tungvint i bruk, men HP har funksjonalitet for samhandling og dokumentasjon som andre løysingar manglar. Men også her må gevinstane mellom samarbeidsaktørane og effektiv bruk av journalløysinga optimaliserast og finslipast.



**DIGITAL
HEIMEOPPFØLGING**
DHO Søre Sunnmøre

Prosjektbakgrunn og mål



Rekrutterings- og samhandlingsmidlar



I 2024 vedtok regjeringa å setta av midlar for å fremje rekruttering og samhandling mellom helsenivåa. Målsettinga er å gjere det enklare for kommunane og sjukehusa å samarbeide om gode, samanhengande pasientforløp som er lokalt forankra.

Helsefellesskap Møre og Romsdal har sett ned eit eige utval som kjem med tilrådingar til SSU som fordelar tilskotsmidlane til godkjende prosjekt. Tildeling vert gjort i samsvar med utarbeidde retningslinjer og kriterium, som bygg på nasjonale føringar for tilskotsmidlane.

Alle prosjekt føreset nært samarbeid og deltaking frå begge helsenivåa.

Tildelte midlar I 2024 hadde verknad frå tidleg start på 2025. Samla pott til fordeling i 2025 var kr 17,1 mill.

Tildelte tilskot desember 2024

- PSHT-prosjekt inkl. delprosjekt kr 6.105.000. I tillegg fekk PSHT-Volda prosjektet støtte frå Helse Midt Norge med kr 1.782.500.
- Samhandlingsoptimalisering Helseplattformen 2025 kr 3.812.000 og tilsvarande sum for 2026.

Tildeling tilskot juni 2025

- Barn og unges helseteneste kr. 240.000
 - Nettverk læring og meistring kr 135.000
- Tre søknader fekk ikkje innvilga sine søknader.

Tildeling av tilskot desember 2025

- PSHT-prosjekt for slutføring i 2026, kr 6.387.000
- Familievennleg start på livet, kr 285.000
- Samhandlingskonferansen, kr 100.000 årleg
- TID-prosjektet, kr 2.000.000 og tilsvarande for 2027

To prosjekt fekk avslag på sine søknader.
Restmidlar kr. 2.688.000 vert overført til 2026.

Ny struktur, nytt sjukehus og nye arbeidsmåtar

Opninga av Sjukehuset Nordmøre og Romsdal (SNR) på Hjelset i 2025 markerer ei historisk omlegging av sjukehusstrukturen i regionen. To sjukehusmiljø er samla i eitt nytt og moderne bygg med nye funksjonar, samla fagmiljø og nye driftsmodellar.

I samband med etableringa av SNR er LSU Molde og LSU Kristiansund slått saman til eitt felles LSU SNR. Gjennom det første året har 12 kommunar og Helse Møre og Romsdal utvikla ein felles samhandlingsarena knytt til det nye sjukehuset.

Overgangen har kravd tett dialog om pasientstraumar, transportanalyse, prehospitale tenester og felles bruk av Clinical Frailty Scale (CFS), samt tydelege avklaringar om fordeling ansvar og oppgåver. LSU SNR har i 2025 vore ein sentral arena for å drøfte konsekvensar av nytt sjukehus og utvikle felles løysingar som gir meir samordna og føreseielege pasientforløp – med mål om likeverdige tenester uavhengig av kvar ein bur.

Akutt 24 SNR

Akutt 24 er ein korttidspost der vi raskt kan diagnostisere og behandle pasientar utan ordinær innlegging i sengepost. Her tar vi i mot både medisinske og kirurgiske pasientar innan fagområda kardiologi, generell indremedisin, nevrologi, kirurgi, øyre-nase-hals og ortopedi.



Mål og strategi

MÅL : VIILJE TIL STERKARE SAMHANDLING

STRATEGI :

- Mot og vilje til endring
- Kunnskap og respekt for kvarandre
- Effektive møtearena
- Involvere kvarandre i endring og utvikling av tenester
- Leite etter nye samarbeidsformer
- Felles ansvar for helsefelleskapet i Møre og Romsdal
- Bidra aktivt og med vilje i prosessar
- Spele kvarandre gode

MÅL : PRIORITERE GJENNOM KLOKE VAL

STRATEGI :

- Riktig behandling til rett tid på rett stad
- Følgje anbefalingar for «kloke val»-kampanjen
- Innovasjon og omstilling som gir styrkje i utvikling av gode pasientforløp
- Innbyggjarane i eit livsløpsperspektiv
- Prioritere framtidsette og langsiktig
- Reflektere og samlast om etisk problemstillingar

Arbeidsgruppa for utarbeiding av framlegg til mål og strategi for helsefelleskapet i Møre og Romsdal:

- Lene Bjørlo Overå (leiar)

kommunalsjef Giske kommune

- Britt Rakvåg Roald

klinikksjef SNR

- Bente Glomset Vikhagen

kommunedirektør Sula kommune

- Siri Beate Talseth-Frilund

klinikksjef kreft og rehabilitering

- Håvard Sagli

kommunedirektør Aure kommune

- Lars Erik Sjørmæling

klinikksjef prehospitale tenester

MÅL :

STYRKE KOMPETANSE OG REKRUTTERING

STRATEGI :

- Dele på ressursar der det er hensiktsmessig
- Utvikle løysingar for å dele og lære av kvarandre
- Utvikle samarbeidet mellom partane og utdanningsinstitusjonane
- Felles ansvar for omdømmebygging og framsnakking
- Felles rekruttere-, utvikle- og behalde-strategi

Gjennom det første året i ny avtaleperiode har SSU arbeidd med å tydeleggjere ulike delar av helsefelleskapet og sikre samanheng mellom arbeid i utvalsstrukturen, samarbeidsavtalen og felles handlingsplan. Sjølv om noko av dette er omtala i første del av samarbeidsavtalen, er det ikkje utarbeidd og gjort vedtak om overordna mål og strategi for helsefelleskapet.

Ei arbeidsgruppa peika ut av SSU starta i desember 2025 med utarbeiding av eit nytt strategidokument som skal leggjast fram for partnerskapsmøte våren 2026.

Tanken er å lage eit overordna styringsdokument som kan gje føringar for arbeidet i helsefelleskapet og hjelpe ved prioritering av tiltak, utviklings- og planarbeid.

EITT LAG - FELLES ANSVAR

bygd på

tillit, rausheit og respekt

Samhandlingsavvik – Totalt 545 meldingar

Dei hyppigaste meldte avvika er i hovudsak gjentakande hendingar som begge partar er kjende med og som det blir arbeidd med å redusere.

Det blir framleis meldt relativt få samhandlingsavvik både frå helseføretaket og kommunane. Det er sannsynlegvis stor underrapportering frå begge helsenivåa.


Strategisk samarbeidsutval har no laga ein handlingsplan for korleis samhandlingsavvik skal handsamast framover på det strategiske nivået. Det vert oppretta kvalitetsutval ved kvart av dei lokale samarbeidsutvala og ein skal setje ned eit arbeidsutval som skal sjå på mogelegheiter for forbetring av det digitale meldesystemet for samhandlingsavvik.

Det vart meldt 361 samhandlingsavvik frå kommune til helseføretak i 2025. Hyppigaste melde samhandlingsavvik frå kommune til helseføretak:

1. Ikkje sendt epikrise innan utskriving
2. Ikkje sendt oppdatert medikamentliste eller manglar/feil i medikamentlista
3. Ikkje sendt melding om pasientens antekne funksjonsnivå etter utskriving snarast og seinast 24 timer før utskrivingstidspunktet

Det vart meldt 184 samhandlingsavvik frå helseføretak til kommune. Hyppigaste melde samhandlingsavvik frå helseføretak til kommune er:

1. Ikkje sendt oppdaterte sjukepleieopplysningar (innleggingsrapport inkludert medikamentliste)
2. Ikkje gitt informasjon om hjelpemidlar
3. Ikkje sett i gang nødvendige tiltak for å kunne ta imot pasienten



Medverknad :

Brukarrepresentantar Samhandlingslege og fastlegar

I Helsefelleskapet Møre og Romsdal har ein i samarbeidsavtalen sikra både brukarrepresentasjon og representasjon frå fastlegar i alle faste utval i strukturen.

Brukarrepresentantane i partnerskapsmøte og i SSU har vore:

- Paula Næss Skår (brukerutvalet i HMR)
- Helge Hansen (Prostatakreftforeningen)

I helsefellesskapet er brukarperspektivet avgjerande.

Samhandlingsoverlege Stian Endresen har sete i tilsvarande utval, men og delteke i felles samarbeidssekretariat.

I samarbeidsavtalen har ein sikra at alle delar av fylket er representert med leiarar og fagpersonar i dei faste utvala.

Den politiske medverknaden er teke med i partnerskapsmøte og på den årlege samhandlingskonferansen.



Brukarrepresentantane i PM og SSU seier at det opplevast meningsfullt å delta og at deira innspel blir lytta til og teke omsyn til i arbeidet i helsefellesskapet.

Baklandet til dei to brukarrepresentantane gir ulik mogleheit for tilbakemelding og dialog, der repr. valt av Brukerutvalet i HMR har ei direkte kopling, medan brukarrepr. frå kommunane/brukarorganisasjonane, ikkje har eit tilsvarande felles samlingspunkt.

Brukarrepresentantane ser med optimisme på tenester som kan utviklast som følgje av rekrutterings- og samhandlingsmidlane i helsefellesskapet med høve til å gjere dei rette "kloke valg" i samarbeid med pasienten.

Faste møtearenaer

Samarbeidsavtalen regulerer mykje av samarbeidet mellom kommunane og Helse Møre og Romsdal.

Noko samarbeid og faglege nettverk eksisterer i tillegg til det som vert samarbeidd om i regi av helsefellesskapet.

Lokale initiativ og utfordringar har og stor verdi i tillegg til det som partnarane plikter til gjennom samarbeidsavtalen.

Partnerskapsmøte - årleg samling mai

Samhandlingskonferansen - årleg samling november

SSU – 4-6 møter årleg

LSU'ane 4-6 møter årleg

FSU'ane har varierende møtefrekvens.

Felles samarbeidssekretariat har teamsmøte annankvar veke.

Aktiviteten i dei faglege samarbeidsutvala har større variasjon tal møter, men tilpassar seg behov for å møtast. Dei fleste møta er på teams, medan SSU har valt å ha fysiske møte, og vurdert dette som ein føresetnad i 2025 for læring og drøfting av større saker i første året i denne avtaleperioden.

Lenke til nyttige sider

[Helsedirektoratet](#) har samla nyttig informasjon om helsefellesskap med lenke til ressursar for samhandling

På [Helsefellesskapet si nettside](#) finn du informasjon og dokument knytt til helsefellesskapet, t.d informasjon og grunnlagsdokument som ligg til grunn for årsmeldinga. Felles samarbeidssekretariat kan rettleie og gje ytterlegare informasjon.

EITT LAG - FELLES ANSVAR

bygd på

- TILLIT
- RAUSHEIT
- RESPEKT

